



Klokkar Berta Haugland, sokneprest Reidar Ådnanes og kantor Eva Megyesi helsar alle i Uskedalen eit fredfullt og godt nytt år.

Innhaldet i gudstenesta i dag handla om å finna fred i ei uroleg tid for mange med ulukker, uro, terror og drap. Meir enn før er det viktig å finna ein indre fred som er noko meir enn julestemning med lys og vakker musikk. Tekstane i dag henta frå Jerimias og Johannes framhevar lovnaden om ei framtid og von, fred og frelse, nemleg det englane syng om i juleevangeliet.

Presten i dag var Reidar Ådnanes, soknepresten i Husnes og i Holmedal. Berta Haugland, som til vanleg er kyrkjelydspedagog, var klokkar og Eva Megyesi sat ved orgelet. Frammøte var ikkje det beste på ei gudsteneste den siste dagen i året og det til og med på ein søndag. Mange brukar sikkert tida til førebuing av nyttårskvelden.

Ådnanes sa i talen sin at der er viktig å finna ei kopling frå julebodskapen der Gud vart menneske i ein stall til det at Gud kjem inn i vår kvardag og at Gud er knytta til vår lagnad ved tilgjeving, von og sin nåde. Fredens evangelium og Guds fred går i djupna og er større enn vi anar.

Inntekta frå offeret i dag gjekk til det store og verdfulle arbeidet Frelsesarmeen gjer i det norske samfunnet.

Neste gudsteneste er søndag 14. januar med etterfylgjande årsmøte i soknet.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal